



MIDSUND KOMMUNE

Rådmann

## Kommunereformen – plan for prosessen i Midsund kommune

Mål for reformen.

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar og fleire oppgåver

Midsund kommune vel å følgje «løp» 2, dvs endeleg vedtak vert fatta våren 2016.

Midsund kommune har vore med på eit forprosjekt saman med Aukra kommune – sluttrapporten ferdig i juni 2014. Saka behandla i kommunestyret hausten 2014, jf K-sak 14/50.

Midsund kommune er med i ROR-prosjektet og vil vere med på prosessen der. Sluttrapport ferdig innan 15. juni 2015. Delrapportar blir lagt fram undervegs.

Ordførar, varaordførar og ein frå opposisjonen er i ROR si politiske arbeidsgruppe.

Rådmann er med i administrativ arbeidsgruppe.

Delrapportane blir lagt fram for kommunestyret til orientering.

Rådmannen vert Midsund kommune sin kontaktperson for Fylkesmannen.

Prosjektgruppa: Formannskapet

Referansegruppe: Representant for ungdomsråd, næringsliv, tillitsvalde, andre råd og utval.

Kommunereformen tema i kvart kommunestyremøte framover.

#### Informasjon:

- Aktiv bruk av kommunen si heimesida
- Fast spalte i Øyavis - lokalavisa som kjem ut ein gong i månaden. Alle i Midsund les Øyavisa. Ordførar og rådmann har ansvaret for denne spalta. Kommunen kjøper spalteplass.

Korleis involvere innbyggjarane? Dette er viktig med best muleg fakta og kunnskapsgrunnlag. I tillegg til informasjon som ein finn på [www.nykommune.no/](http://www.nykommune.no/) Kommunal og moderniseringsdepartementet vil RORprosjektet vil gi oss nyttig kunnskap og faktagrunnlag for å kunne ta endeleg val i 2016.

#### Folkemøte:

Arrangere folkemøte. Anten fellesmøte eller gredavis. Rådmannen vil foreslå minst eitt møte i 2015 før valet og eitt i 2016.

Spørjeundersøking: Her er det mange som tilbyr sine tenester. Vi vil og få tilgang til å bruke spørjeundersøkingar utarbeida av Kommunal og moderniseringsdepartementet. Det er viktig med informasjon og klare alternativ før ein går ut med spørjeundersøkingar.

Val 2015: Kommunereformen vil bli eit sentralt tema i kommunevalkampen. Kunnskap om reformen vil difor bli overmåte viktig slik at kommunestyret i 2016 har det beste grunnlaget for å gjere vedtak.

### **Milepælar - Midsund kommune**

- Kommunereformen tema i alle kommunestyremøte
- Informasjon i Øyavis kvar månad frå januar 2015 og fram til endeleg vedtak vert fatta.
- Minst 2 møte i referansegruppa kvart halvår.
- Prosjektgruppemøte i samband med formannskapsmøta- utover det eigne møte ved behov.

- Rådmannen orienterer kommuneorganisasjonen jamnleg. Kommunereformen tema på alle HTV-møte.
- Minst 1 orienteringsmøte i halvåret for næringsliv og ungdom/ungdomsråd
- Desember 2014 - orientering om delrapport 1 i ROR-prosjektet
- Februar 2015 - orientering om delrapport 2 i ROR-prosjektet
- Mars 2015 - orientering om delrapport 3 i ROR-prosjektet
- April 2015 - orientering om delrapport 4 i ROR-prosjektet
- Juni 2015 - Sluttrapport ROR-prosjekt ferdig
- 1.juli 2015 - statusrapport lokal prosess skal sendast til Fylkesmannen
- September/oktober 2015 - Sluttrapport ROR-prosjektet til behandling i kommunestyret.
- Folkemøte. 1 folkemøte i mai 2015 - før valet. 1 møte i 2016 før endeleg vedtak vert fatta.
- Spørjeundersøking i etterkant av folkemøtet.